



**INFORMASJON**

**NORE FUSA  
OPPVEKSTSENTER**

**SFO  
2012/2013**

**INNHALDSLISTE**

**FØREORD**

**FORMÅL MED SFO**

**INNHALD I SFO**

**ORGANISERING AV SFO**

**PERSONALET PÅ SFO 2012/2013**

**BORNEGRUPPA PÅ SFO 2012/2013**

**BUDSJETT**

**MATBUDSJETT**

**ANDRE OPPLYSNINGAR**

**DAGSPLAN**

## **FØREORD**

Denne planen inneheld informasjon om SFO-tilbodet ved Nore Fusa oppvekstsenter. Her får de vita om innhaldet og formålet med SFO, og korleis SFO er organisert. Planen er også meint som ein arbeidsreiskap for dei tilsette ved SFO. Alt det me gjer står ikkje i denne planen, for mykje blir til/planlagt undervegs. Me vil så langt som råd ta omsyn til borna sine eigne ønskje for kva SFO-kvardagen skal innehalde.

**DETTE ER BORNA SI FRITID!**

## **FORMÅL MED SFO**

I vedtektene for SFO til Fusa kommune står det at "skulefritidsordningane skal vera eit omsorg- og fritidstilbod utanom obligatorisk skuledag for elevar i 1.- 4.klasse. Innhald og organisering skal pregast av borna sin leik, kulturaktivitetar og sosial læring."

På Nore Fusa SFO vil me arbeida særleg for at alle borna skal kjenne seg trygge og få til eit godt sosialt miljø.

## **INNHALD I SFO**

Innhaldet på SFO skal vera prega av frivillig leik og aktivitetar. Me tar utgangspunkt i borna sine eigne initiativ så langt det let seg gjera.

Ut i frå dette er den frie leiken/aktivitetane noko av det viktigaste i SFO-kvardagen. Mykje av dei sosiale ferdigheitene vert til under denne formen for leik. Leiken er eit mål i seg sjølv for borna. **BORN LEIKAR FORDI DEI HAR LYST!**

Den frie leiken garanterer ikkje at alt går bra. Difor vil me vaksne følgje med på det som skjer for å unngå at leiken utviklar seg negativt. Me ser på det som viktig at borna sjølv skal kunne finne løysingar på konflikhtar, men med ein vaksen til stades for å hjelpa dei. For å styrke samhaldet og fellesskapet på SFO vil me også ha ein del felles aktivitetar og leikar, både planlagde og på sparket i kvardagen.

For at dagen skal bli trivelegare og lettare for alle, vil me oppmoda borna til å gå ut ei stund. Så langt som råd ønskjer me at borna sjølv skal kunne velje om dei vil vera inne eller ute. Med dette trur me at me kan hindre unødige konflikhtar mellom borna og dei vaksne.

## **ORGANISERING AV SFO**

**Opningstid:**

Morgon: 07.30 - 08.30

Ettermiddag: 14.00-16.30 (måndag-torsdag)  
12.45-16.00 (fredag)

**Driftsansvar:**

Fusa kommune som skuleeigar

**Personale i SFO 2012/2013**

Dagleg leiar: Olaug Elise Mjelde

Assistent: Vibeke Ragnhildstveit

Overordna/pedagogisk ansvarleg: Rektor Torill Os Ådland

Morgon: Måndag-torsdag: 7.30-8.30: Olaug

Morgon: Fredag: 7.30-8.30: Vibeke

( 8.20-8.30): Borna er ute til skulen startar m/Olaug eller Vibeke

Ettermiddag:

måndag (14.00-16.30): Olaug

tysdag (14.00-16.30): Vibeke

onsdag ( 14.00-16.30) Olaug

torsdag ( 14.00-16.30) Vibeke

fredag (12.45-16.00): Olaug

## ANSVARSFORDELING

**Assistent:**

Medansvar for tilsyn, omsorg, planlegging og gjennomføring av aktivitetar.

Informasjon og dagleg kontakt med foreldra.

**Dagleg leiar:**

Planlegging, tilrettelegging og gjennomføring av innhald og aktivitetar.

Innkjøpsansvarleg av t.d. leikar, utstyr, mat.

Informasjon og dagleg kontakt med foreldra.

Utforming av årsplan og annan informasjon.

Samarbeid med rektor og assistent.

**BARNEGRUPPA 2012/2013**

16 barn nyttar SFO- tilbodet dette skuleåret, frå 1. oktober er det 17.

1.trinn: 8 barn, 2.trinn: 2 barn, 3.trinn: 3 barn, 4.trinn: 4 barn.

Måndag: 14 stk.

Tysdag: 14 stk.

Onsdag: 13 stk.

Torsdag: 14 stk.

Fredag: 15 stk.

9 born nyttar tilbodet om morgonen

Olaug har adm.tid:

Fredag kl. 9.45 - 10.45.

Er det noko de ønskjer å diskutera/lurer på, ang. SFO, er eg å treffa på kontoret i den tida.

Ta gjerne kontakt på førehand.

**Viktige telefonnummer:**

SFO: 56583941

REKTOR: 56582926

OLAUG PRIVAT: 56582483/mob.97137035

**BUDSJETT**

SFO har eige driftsbudsjett. Budsjettet er avhengig av kor mange påmelde det er på SFO, og det skal dekkja alt som SFO brukar av utstyr, formingsmateriale og leikar.

**MATBUDSJETT**

Me har eit fruktmåltid kvar dag. Til dette har vi foreldrebetaling, 200 kr per halvår. Fødselsdagar feirar me ein gong per mnd. Då vert det ein iskrem på kvar.

## **SAMARBEID**

Foreldresamarbeid:

Samarbeidet er hovudsakleg den daglege kontakten i bringe- og hentesituasjonen. Dersom nokon av foreldra ønskjer det, kan ein be om å få foreldresamtale med dagleg leiar og/eller rektor. SFO-leiar kan kalla inn til samtale dersom det er behov for det.

Elles kan foreldra komme med ønskje for SFO- tida. Me tar gjerne imot ros og ris. Vårt mål er å ha eit best mogeleg SFO-tilbod.

## **ANDRE OPPLYSNINGAR**

Det er mogeleg å kjøpa enkelttimar på SFO dersom det er ledig kapasitet. Ta kontakt med SFO-leiar på førehand. Kjøp av enkelttimar kan ikkje nyttast i ein utstrekning som gjer at det vert eit alternativ til fast plass eller utviding av tildelt plass.

Kommunen har gebyr ved for sein henting: 300,- kr. Me skal kunne låse SFO-døra kl.16.30.

Ha alltid klede til å gå ut i all slags ver og bytekledde.

Meldingar til SFO-personalet kan skrivast i meldeboka til skulen, eller på sms til Olaug. Me vil vita når dei skal gå heim, vera med nokre andre heim eller vert henta av andre enn dei som til vanleg hentar dei. Dersom nokon skal gå til faste tider kvar dag, avtalar de dette med SFO på førehand. Me kan også hjelpa til med å få born av garde på kulturskulen i SFO- tida.

## **DAGSPLAN**

7.30: Dei første borna kjem og vert kryssa av på brannlista. Om morgonen er det rolege aktivitetar som spela spel, teikna, perla, byggja med lego osv.  
8.00 er det frukost for dei som ikkje har ete heime.  
8.15 ryddar me og gjer oss klare til å gå ut før 1. time.

14.00-14.30: Kryssar inn borna på brannlista.

Me vaskar hendene, samlast i SFO og et niste/frukt.

Evt. info om kva som skjer i dag. NB:Det er også høve til å gjera lekser på SFO. Me har eit "stillerom" for lekser.

14.30-15.00: Fri leik ute/inne, evt.gymsal. Rydding ute.

15.00-16.30: Fri leik, evt.data/ dataspel, td: Multi, Agora, drillpro., grublenett eller div.spel. På datarommet er elevane under tilsyn mesteparten av tida.

16:30: Borna skal vera henta ( 16.00 om fredagen).

NB: Meld alltid frå til ein vaksen når du hentar ditt barn !